

Kjære fadder.

Det knyter seg ulike tankar til kva det vil seie å vere fadder. Kyrkja har sine forventningar. Dei kom fram under dåpen:

*«De skal vera vitne om at barnet er døypt med den kristne dåp. De skal visa omsorg for barnet, be for barnet, læra det sjølv å be, og hjelpa det til å bruka Guds ord og delta i Herrens nattverd.»*

Dette høyrer gjerne krevjande ut, men du kan òg sjå det om mål det er mogeleg og meiningsfullt å strekkje seg mot. Dersom du rammar inn fadderdiplomet du no får, og let det henge ein stad der du kan sjå det, vil dette hjelpe deg til å be for fadderbarnet ditt:

*«Jesus velsigne deg når du søv og når du er vaken. Han velsigne draumane dine og tankane dine, kroppen din og sjela di. Han velsigne oss alle frå no og til evig tid.»*

Det er foreldra som har ansvaret for oppsedinga, men som fadder kan også du vere med på din måte.

Til jul, fødselsdagen eller dåpsdagen kan du til dømes gi ei biletbok med ei bibelforteljing. Då hjelper du barnet til å «bruka Guds ord». Når barnet blir tre-fire år, kan du be han eller henne med på ei gudsteneste. Etterpå kan de gå på kafé. Slik gir du foreldra ein søndag fri, og sjølv får du ei meiningsfull fadderoppleving i lag med gudbarnet ditt. Kom til kyrkja i god tid så de kan gå fram og sjå på døypefonten. I kyrkja er det òg mange andre spennande detaljar.

I gudstenesta får de oppleve både bøn, Guds ord og nattverd. Det er inga nedre aldersgrense for å delta, og i dei fleste kyrkjene er vinen alkoholfri. Barnet kan ta imot brødet og dyppe det i begeret med vin. Kanskje borna fattar slike heilage handlingar betre enn oss vaksne? Born kan vere med fram og bli velsigna av presten sjølv om dei ikkje tek imot brød og vin.

Same kva du vel å gjere som fadder, er grunnlaget at du held kontakt med barnet gjennom oppveksten. Kall deg gjerne «fadder din» når du snakkar med barnet. Det er i seg sjølv ei påminning om at barnet er døypt.

Vennleg helsing